

Referat FAU-møte 09.04.2025



Tid: kl.17.15-18.30

Stad: Skogsvåg skule

Til stades: Tanja Hagen(6.klasse), Kristine Andersen (3. og 4. klasse), Marita Boge (2. klasse), Jeanette Angeltveit (1.klasse), Line Reinertsen (7. klasse), Silje Hesvik (6. klasse), Silje Røys (3. klasse), Anette Vorland (5. klasse), Egil Natås (7. klasse), Ingrid Hestad (rektor)

1. Økonomi / Budsjett

Har vore mykje i media den siste tida og kommunen er i ein alvorleg situasjon med fare for å hamne på ROBEK-lista. Målet er å styre kommunen gjennom året og at man unngår det. Nav og barnevern bidrar mykje til svekka økonomi. Skogsvåg skule har styrt mot eit lite overforbruk mot budsjett 2024, nytt budsjettår i januar 2025. Då skuleåret starta hausten 2024 hadde skulen 34,54 årsverk totalt og av ulike grunnar var me på 33,09 årsverk då kutta kom. Etter kuttmeldinga kom har skulen jobba inn eit årsverk ved å ha meir samarbeid og grupper på trinna. Må kutte eit årsverk til, men det er ikkje enkelt midt i eit skuleår. Til hausten kjem det ytterlegare reduksjon, altså mindre enn 33,09.

Til hausten må det bemannast etter tildelte ressursar. Det har vore eit lavt sjukefråvær blant dei tilsette, det slår dårleg ut då man ikkje får refusjon frå NAV, mot at ein hadde eit høgare sjukefråvær i fjor. Skulen set inn vikarar ved sjukdom når det trengs grunna forsvarleg drift, men skal ikkje gjere store innkjøp.

MOT-ynskje som var oppe sist FAU møte er lagt på is, men skulen har fått midlar til DKOMP-prosjekt over to år. Skulen sin leiing og utviklingsgruppe skal delta på samlinger og arbeide målretta med skulen sine satsingsområder over tid.

FAU stiller spørsmål kring dei tilsette, fører dei avvik og korleis opplever det dette? Klarar skulen å bemanne innanfor lovverk? Lærarnormen vert ikkje berørt, men spesialundervisninga blir det. Ein må tenkje nytt kring spesialundervisning til hausten, gruppetenking og på tvers. Dei tilsette har tatt det fint, men rektor har stort fokus på informasjonsflyt og ivaretaking av tilsette. Avvik vert handtert og behandla, rektor ønskjer ein god avvikskultur.

2. Spesialundervisning, ITO

Må oppretthalde lærarnormen på trinn, dette får ein som grunnressurs.

PPT sakkyndig tilrår timar anten som spesialundervisning, personleg assistent eller fysisk/digitale hjelpemidlar. Skulen får ein pott med ressursar, ein liten del auke i forhold til at Skogsvåg har høgt antall tilrådde timar. Rektor tildeler timar ut frå resurssar og individuelle behov.

Tildelte ressursar dette skuleåret har vore 84t. Til hausten vert dette redusert til 40t.

Det vert jobba med neste skuleår ved at man må tenkje meir i grupper og på tvers, noko man ser på å få til er bruk av dyr/gard, praktisk undervisning, halvdagstilbod, mestringsarena. Bruk av båt som skulen har disponibel jobbes det og med å sjå på løysning mtp. Risikovurdering, førstehjelp/redning i sjø.

I forhold til at skulen ikkje kan gjere større innkjøp vart det foreslått frå FAU om ein kan høyre med foreldre om det er nokon som kjenner til bedrifter som kan ha utstyr å donere til praktisk arbeid/halvdagstilbod. FAU-leiar Kristine tek ansvar her.

3. Neste skuleår

Planlegging i gang og man ser først på kontaktlærarkabalen. Delingstal for klassane er 29, men timetalet med 2-lærer vert omtrent likt. Pr.no er det eit trinn som er under dette, og det er dagens 1.trinn på 26 elevar.

Bassenget på Stranda er det ikkje komen melding om at stenges, rektor undersøker kva planen er her med tanke på eventuelle bussutgifter dersom bassenget held ope. Rektor har undersøkt, og det er opent. Det er ikkje avklart korleis det vert med fordeling av tid.

4. Utviklingsarbeid og planer

Kvalitetsdialog den 06.06 kor representant frå oppvekst kjem og skulen skal stille med representant frå leiing, tilsette, FAU og elevråd. Skal bl.a sjå på samarbeid opp mot FAU, og Kristine eller Tetyane vert med frå FAU. I møte skal skulen presentere sitt arbeid utifrå ein presentasjon med punkt som er sendt ut i forkant. Ein skal sjå på arbeidet skulen gjer, og skulebidragsindikator + resultat er sentralt.

Tidlegare i FAU-møter har ein gjennomgått kort frå kommunen sin plan "sjå meg - framtidens skule", og frå skulen sitt arbeid dette skuleåret. Språkkommunen, nærvær og inkludering.

Inkluderande praksis

Dysleksivennleg skule og klasserom (ADHD/autisme/fleirspråkleg - ting heng saman).

Skulemiljø – pakke til heile skulen – fornye skulemiljøplan og årshjul

Smart oppvekst, eit opplegg ein kan bruke karakterstyrker frå.

Helseframande skule, utvikla av kommunen og helsesjukepleiarar. Ikkje nødvendigvis noko nytt, men satt i system. Sunn mat, samarbeid med helsejukepleiar og aktivitet.

Praktisk undervisning, tverrfagleg/periode

5. Eventuelt

- Sak frå 1. klasse – Mobilbruk, ønske om å «forby» bruk av smarttelefon 1.-7. klasse. Dette er tatt opp på foreldremøte, men er ikkje einigheit om det. Ønske frå FAU at skulen har dette på agenda på foreldremøte, skaffe foredrag/opplæring til foreldre. Det vil ikkje vere mogleg at alle blir einige, men dette er viktig at føresette er bevist på. Det er mykje ein som føresette kan styre gjennom t.d familylink og dette treng fleire kunnskap om.
- **Trafikksikring, ferie SFO og nokon andre eldre saker er tatt vidare til SU som har møte i dag. Er satt på agendaen der.**